



Bkk As
Postboks 7050
5020 BERGEN

Vår ref.:
24/5414-2

Dykkar ref.:
23.04.2024

Saksbehandlar:
Berit Holme

Dato:
24.06.2024

Flytting av straumkablar for Førdepakka - BKK ber om førehandsuttale til tiltak som krev konsesjon etter energilova

I samband med opprusting av Kyrkjevegen skal BKK flytte kablar som ligg i Kyrkjevegen og Angedalsvegen. Den nye traseen vil starte på gbnr 43/9 i aust, krysse elvane Anga og Jølstra, vidare over Angedalsvegen og langs Kyrkjevegen slik kart av 18.03.2024 viser.

Areala vest for elva er regulert til vegareal og parkering. Sunnfjord kommune er positiv til at straumkabel, kommunalt leidningsnett og ev. andre kablar/leidningar vert lagt samtidig. Vi føreset at dette vert samordna, og lagt i regulert vegareal.

Det er vist to skøytegrepapar på areal som er regulert til parkeringsplassar. Kommunen føreset at dette vert utført og opparbeidd slik at areala fult ut kan nyttast til arealføremålet det er regulert til.

Delar av areala på gbnr 43/9 er dyrka mark og flaummarksskog som er registrert av stor verdi i naturdatabasen. Området er sett av som landbruk-, natur og friluftsområde (LNF-område) i kommuneplanen sin arealdel. Elva Jølstra og delar av Anga er lakseførande. Den sårbare arten Nordflaggermus er registrert i området ved elva. Det er elles registrert nokre tre av arten alm og ask i området der kabelen skal leggast.

Legging av kabel på i område som er sett av til landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF-område) og i strandsone langs vassdrag skal handsamast etter plan- og bygningslova (pbl) for arealbruken enten i reguleringsplan etter pbl kap. 12, eller ved dispensasjon etter pbl kap. 19.

Sunnfjord kommune har følgjande innspel:

- Arbeidet med legging av kablar må ikkje vere til hinder for drift og hausting av jordbruksareal på gbnr 43/9.
- Rørd matjord skal handsamast på ein slik måte at det vert nytta til matproduksjon etter at arbeidet er ferdig.
- Legging av kabel i og ved Anga og Jølstra må ta vurderast for potensiell fare for kvikkleire.
- Arbeid må skje i perioden som minst uroar fisk og anna dyreliv i området.
- Inngrepa må skje på ein mest mogleg skånsam måte, og vegetasjon som vert rørd skal såast til med stadeigen vegetasjon.
- Legging av kabel må skje på ein slik måte at rørd areal kan nyttast til det føremålet arealet er regulert til.
- Det må sikrast at arbeid og utstyr ikkje fører med seg framande artar til området.

Med helsing

Berit Holme
arealplanleggar

Dette brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Kopi til:

Statens vegvesen	Førdepakken v/Erling Varlid
Sunnfjord kommune	Teknisk drift